

KONTROLLUTVALET I SULDAL



ÅRSMELDING

2022

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2022.

I følgje kommunelova § 23-5 skal "**kontrollutvalet rapportere resultatata av sitt arbeid til kommunestyret**".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen og selskap som kommunen eig eller er deleigar i gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og legg fram si innstiller til dette. Kontrollutvalet har eige reglement, vedteken av kommunestyret fyrste gong i 2012 og det blei revidert i 2020, som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

For valperioden 2019-2023 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar Tormod Skeie (SV)
Nestleiar Henrik Halsne (Ap)
Medlem Ragnhild Sukka (V)
Medlem Eldbjørg Sivertsen (Uavh)
Medlem Per Gudmund Øxtra (Sp)

Varamedlemmer:

1. Dag Fisketjøn (V)
2. Astrid Brommeland (Sp)

Per Gudmund Øxtra er utvalet sin kommunestyrepreressant. Tormod Skeie og Henrik Halsne har blitt faste representantar i kommunestyret i løpet av 2022. Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlata denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføreren har møte- og talerett i utvalet. Ho har ikkje vore tilstade på nokon av møta i 2022. Kommunedirektøren har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Ho, eller andre frå administrasjonen har delteke på alle fire møta.

Møta skal bli gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider (www.kontrollutvalgene.no). På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut. Medlemmene sakna framleis betre informasjon om utvalet sine saker på kommunen sine heimesider.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2022

Kontrollutvalet har i 2022 hatt **4** møte, to om våren og to på hausten. Utvalet har opne møte, men dei skal eller kan vedta lukking når dette er heimla i lov. Utvalet held møta på rådhuset.

Utvalet har hatt **27** saker til handsaming, kor **4** saker blei sendt over til kommunestyret. **41** saker har blitt lagde fram for utvalet til orientering. Samla oversyn over saker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Det var ingen frå Suldal som deltok på konferansane i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) i april og Forum for kontroll og tilsyn (FKT) i juni.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. Her under ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontrollutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med kommunedirektør/administrativ leining for kontroll med administrasjonen. Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontrollutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Oppgåvene er knytt til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk (GKR) og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 28.04.22, sak 09/22 kommunen sin årsrekneskap for 2021 til handsaming. I uttalen frå utvalet stod det mellom anna følgjande:

Suldal kommune fekk eit netto driftsresultat i på kr 133,9 mill. kr i 2021. Dette tilsvarar 19,2 prosent av driftsinntektene. Høgare skatteinngang og meir i frie inntekter enn dei statlege styringssignala la til grunn er nokre årsaker.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det jamleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 blei utarbeida i 2020, og var basert på ein Risiko- og vesentleg analyse. Kommunestyret vedtok den nye planen, etter innstilling frå kontrollutvalet, i møtet 22.09.20, sak 65/20.

I følgje vedtatt plan er prioriteringslista følgjande:

- Miljøtenesta (2020) – (Psykisk helsehjelp)
- Kritisk kompetanse (2021)
- Førebygging og tidlig innsats (2021)
- Styring og kontroll med investeringsprosjekt (2022)
- Forbetring og effektivisering (2022)
- Legetenesta og legevakta (2023)
- Integrering av flyktingar (2023)

Rapport om «**Styring og kontroll med investeringsprosjekt**» blei lagt fram for kontrollutvalet i november. Kommunestyret vil få rapporten til handsaming i 2023. Revisor hadde peika på fleire forbetringpunkt, som var sett opp i to tilrådingar. Frist for tilbakemelding om oppfølging blei sett til ni månader. Tilbakemelding av oppfølginga er venta hausten 2023.

Rapporten om «**Kritisk kompetanse**» blei følgt opp av utvalet i september og av kommunestyret i november. Kommunestyret tok kommunedirektøren si tilbakemelding til orientering.

Rapporten om «**Psykiske helsehjelp**» blei følgt opp av utvalet for andre gong i november. Utvalet var nøgd med kommunedirektøren si munnlege orientering.

Utvalet tinga ei undersøking av RSK-fondet frå revisor i april, etter innspel frå ein innbyggjar. Revisor la fram sin rapport i september og kommunestyret handsama saka i november.

Kontrollutvalet valde i novembermøtet «**Førebygging og tidleg innsats**» som nytt prosjekt for levering hausten 2023.

4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføring av si eigarskapskontroll. Planen for eigarskapskontroll 2020-2024 blei vedtatt av kommunestyret i møte 22.09.20, sak 65/20. I planen er IVAR IKS eit prioritert prosjekt.

Det blei ikkje gjennomført eigarskapskontrollar i 2022.

Tilsyn med selskap kan også bli gjennomført ved at utvalet får orientering frå leiinga i kommunale selskap. Utvalet har i 2022 fått orientering frå Suldal Bad Publikum AS, Rygjatun Eigedom AS og Rysteg AS.

4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Rogaland Revisjon IKS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Suldal kommune blei fullverdig eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.01.17. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor var i 2022 Tore Kristensen med kontor i Stavanger.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det har møtt ein eller fleire revisorar frå Rogaland Revisjon IKS på alle møta. Dei har presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapportar frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

Kontrollutvalet har handsama revisor si eigenerklæring, samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontrollutvalet skal mellom anna «*påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....*». Revisor er derfor pålagt, ifølgje ny kommunelov, å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette er omtalt som ei ny oppgåve for revisor, kalla i § 24-9 «forenkla etterlevingskontroll».

Rogaland Revisjon IKS kom med si uttale for rekneskapsåret 2021 samstundes med godkjenning av årsrekneskapen. Revisor hadde undersøkt etterleving av regelverket om «Gaver, representasjon og bevertning, samt reiser».

Revisor hadde nokre merknader og utvalet vedtok å be om ei tilbakemelding frå administrasjonen innan 01.09.22.

Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga frå administrasjonen som vart handsama i møtet 15.09.22.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orientering frå kommunedirektøren om spørsmål og saker utvalet har tatt opp.

Utvalet vedtok ein plan for orienteringar frå administrasjonen i mai 2020. Denne planen har blitt følgt opp vidare i 2022 med orienteringar frå kommunalt eigde selskap.

5 BUDSJETT/REKNESKAP - KONTROLLARBEIDET

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2022.

TENESTE 1100	REKNESKAP 2021	BUDSJETT 2022	REKNESKAP 2022
Godtgjersle og driftsutgifter	156 886	218 000	
Revisjonstenester	932 280	943 400	799 505
Sekretariatstenester	183 000	195 000	195 000
Sum utgifter (eks. mva.)	1 272 166	1 356 400	

Kontrollutvalet handsama hausten 2022 framlegg til budsjett for kontrollarbeidet for 2023. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 1 521 000.

Framlegget vart sendt til kommunestyret for handsaming.

6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2004.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tri revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Vestland og Agder.

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2022, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Fast utvalssekretær har vore seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har eigne heimesider der mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagde ut fortløpande.

For valperioden 2019 - 2023 er Gerd Helen Bø valt som medlem i representantskapet med 1. vara Øyvind Lovra Tveitane og 2. vara Øyvind Valen. Det var ingen frå Suldal som deltok representantskapsmøtet 25.04.22.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2022 har vore som planlagt. Det har blitt utarbeida og presenterte ein forvaltningsrevisjonsrapport og ei undersøking av RSK-fondet.

Undersøkinga om «Styring og kontroll med investeringsprosjekt» har vist at kommunen har forbettringspotensiale. Utvalet har også handsaming oppfølging av rapporten om «Psykisk helsehjelp» for andre gong, og oppfølging av rapporten om «Kritisk kompetanse».

Neste prosjekt er valt og vil omhandle kommunen si oppfølging av «Førebygging og tidleg innsats».

Administrasjonen har elles gjort greie for kommunen sin økonomiske situasjon gjennom rekneskap og budsjett, samt orientert om andre aktuelle saker.

Sand, 9. februar 2023

Eldbjørg Sivertsen

Tormod Skeie
Leiar

Ragnhild Sukka

Per Gudmund Øxtra

Henrik Halsne

VEDLEGG TIL ÅRSMELDING 2022

Saker til handsaming:

- 01/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 04.11.21
- 02/22 Referat- og orienteringssaker 24.02.22
- 03/22 Plan for orienteringar frå administrasjonen og kommunale selskap
- 04/22 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Styring og kontroll med investeringsprosjekt»
- 05/22 Kontrollutvalet sin årsplan for 2022
- 06/22 Kontrollutvalet si årsmelding 2021

- 07/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 24.02.22
- 08/22 Referat- og orienteringssaker 28.04.22
- 09/22 Uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2021
- 10/22 Forenkla etterlevingskontroll for rekneskapsåret 2021 – revisor si attestasjon om økonomiforvaltninga
- 11/22 Suldal Bad Publikum AS - orientering om selskapet

- 12/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 28.04.22
- 13/22 Referat- og orienteringssaker 15.09.22
- 14/22 Rygjatun Eigedom AS - orientering om selskapet
- 15/22 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Kritisk kompetanse»
- 16/22 Oppfølging av forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga for 2021
- 17/22 Suldal kommunale næringsfond RSK-fondet – tilbakemelding frå revisor
- 18/22 Revisor si egenerklæring for 2022
- 19/22 Orientering om revisjonsstrategi og forenkla etterlevingskontroll for revisjonsåret 2022
- 20/22 Budsjettframlegg 2023 - kontrollarbeidet i kommunen

- 21/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 15.09.22
- 22/22 Rysteg AS - orientering om selskapet
- 23/22 2. gongs oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Psykisk helsehjelp»
- 24/22 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Styring og kontroll med investeringsprosjekt»
- 25/22 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- 26/22 Framlegg til møteplan for 2023
- 27/22 Referat- og orienteringssaker 10.11.22